



Nåso toppane - eit fristande mål. (Foto: Kristian Bringedal)

**10. april går den tradisjonelle skituren til toppen av Nåso, men i tillegg kunngjer Kvinnherad Turlag ein spesiell tur i det finaste fjellet i Uskedalen.**

**Turen går 30. april og er særleg berekna for fjellsportinteresserte.**



[Snart er Nåso-toppene nådd!](#)

Det er dei røynde fjellkarane Bjørn Olav Tveit og Tor Vidar Sæle som står ansvarlege for turen og dei skal saman med deltakarane 'angripa' fjellet frå Uskedalssida. Dei skal bera skiene opp frå Haugland og fristar med spektakulær skikøyring ned att til Uskedalen. Det er ingen tvil om at dette blir ei stor oppleving for dei som likar slik køyring!

Dette er same dagen som det står orreleik i Fjellhaugen på programmet til turlaget.

Elles fristar det mellom andre turar med turen på tvers av Folgefonna, som går for åttande gongen 5. mars, kulturløype på Huglo 23. mars (seniortur), padling mellom Fitjarøyane 8. april, skicamp i Gygrastolen 23. april og seniortur langs postvegen frå Sandvoll til Utåker 27. april.

Og det er mykje meir på programmet, gå inn på nettet og bli frista!

Av Ola Matti Mathisen